



Slåttedag og feiring av 15-års jubileum for UKL Rygnestad og Flateland

Laurdag 20. juli 2024, kl. 11.00–16.00

Kvarter år inviterer [Setesdalsmuseet](#) bygdefolk og andre til Slåttedagen på Rygnestadtunet i Valle kommune. Då kan ein oppleve slått i eit autentisk miljø – slått av ei tradisjonell slåtteeng. Her er det slått med ljå og anna egna reiskap og hesjing på gamalt vis, og ein kan sjå sliping/bryning av ljåen. Dei som vil kan vere med å slå gras.



Frå slåttemarksdagen i 2022. Foto: Anders Dalseg. Frå Slåttemarksdagen i 2017 og 2016. Foto: Lisbeth Kismul, Statsforvaltaren i Agder.

I år er det 15 år sidan [Utvald kulturlandskap i jordbruksområdet](#) (UKL) blei skipa i Noreg. [Rygnestad og Flateland](#) vart Aust-Agder sitt UKL-område allereie då. Det er no 51 UKL-område i landet. Dette er område som har store biologiske og kulturhistoriske verdiar, som er forma av langvarig tradisjonell bruk. Ved UKL-satsinga ynsker ein å sikre ei langsiktig forvaltning av desse verdifulle områda. Det skjer ved at folk som bur her tek vare på naturmangfold, kulturhistorie og jordbruksdrift. Rygnestad og Flateland har mykje å by på, mellom anna slåttemarker der solblomen veks og tradisjonelle bygningstypar og tun.

Valle kommune inviterer – i samarbeid med Statsforvaltaren i Agder – til 15-års jubileet.

Praktisk informasjon

- Alle er velkomne – både store og små.
- Det er ikkje påmelding til arrangementet – det er berre å kome.
- Arrangementet er utandørs og ein må difor kle seg etter veret.
- Ta gjerne med noko å sitje på.
- Arrangementet er gratis.
- Parkering på skilta område.

Program

- Kl. 11.00: Opning v/kommunen.
Ljåslått med langorv og stuttorv.
Sliping/bryning.
- Kl. 12.00: Slåttegraut.
- Kl. 12.30: Litt om Utvald kulturlandskap i jordbruksområdet, v/Lisbeth Kismul med fleire.
- Kl. 12.30: For barn/barnefamiliar: Open gard med høve til hesteriding for borna hos Hege Rygnestad.
- Kl. 13.00: Vandring i UKL-området v/Åse Ingebjørg Flateland. Det blir stopp ved spesielle bygningar og der det er spanande biologiske kvalitetar – der blir det fortalt litt om lokaliteten. Rundturen startar og stoppar ved Rygnestadtunet.
- Ca. kl. 14.30: For dei som framleis har friske bein – vandring til grendehuset på Flateland via ulike lokalitetar. Det blir høve til å besøke [Uppistog Gard](#) som driv med geiter og lagar produkt av geitemjølk. Dei driv òg med grønsaksproduksjon og mykje anna. Gardsutsal. Ved endestasjonen på Flateland vert det servert Setesdalssuppe.
- Ca. kl. 16.00: Avslutning.

Det kan kome endringar i programmet.



Frå slættedagen i 2022. Foto: Karin Bøe.

Bilete av Agder sin fylkesblom, solblom. Foto: Kristina Bjureke, UiO.